

Interpellasjon til Radøy kommunestyre
Av David Pletten Aasgard, Radøy KrF

Anonym retting av heildagsprøvar.

Standpunktakaracter og eksamenskarakter ender ved fleire tilfelle på forskjellig tallkarakter. Det kan vere mange forskjellige grunnar til dette, men på Radøy ungdomsskule er forskjellane urovekkande store. Forskjellen mellom standpunktakaracter og eksamenskarakter i faget matematikk er større enn kva ei vanskelig oppgåve eller ein dårlig dag på skulebenken ville ført til. I tilstandsrapporten for Radøyskulane 2014 står det:

- Vi ser at i matematikk er det stor skilnad mellom standpunktakaracter og eksamen. Slike avvik ser ein også hjå dei vi samanliknar oss med, men skilnaden er merkbart større i Radøy.

Dette må gjerast noko med. Ved å innføre ei prøveordning kor heildagsprøvar vil bli retta utan at læraren veit kven si oppgåve det er før etter karakter er på plass, aukar moglegheita for ein objektiv vurdering. Dette kan brukast for å styrke lærarane sin posisjon, som kan gje karakter utan å måtte forsvare resultatet i etterkant. Det vil også gje elevane ein trygghet i at oppgåva er retta på ein objektiv måte.

Ved å innføre anonym retting av heildagsprøvar for tiandeklasse-trinnet så er målet at standpunktakaracter og eksamenskarakter skal vere likast mogleg, og gje elevane ein god dytt i riktig retning vidare studiar. Med dagens teknologi, ved bruk av lærestader som it's Learning og liknande, så vil det ikkje bli vanskelig, eller kostnadskrevjande, å få gjennomført ein slik prøveordning.

Forslag til vedtak:

- Radøy kommune innfører ein prøveordning i dialog med lærarorganisasjonane der anonym retting av heildagsprøvar blir gjennomført hjå tiandeklassetrinnet.